



Arkivnr: 2014/558-211

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		28.09.2016

#### Landskonferanse 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne på fylkesnivå

##### Samandrag

Landskonferansen for råd for menneske med nedsett funksjonsevne på fylkesnivå har vore arrangert kvart år. I 2016 er det ingen som har teke på seg ansvaret med å arrangere konferansen. Rådet i Rogaland har vore interessert i å arrangere konferansen i 2017, og rådet i Hordaland har vore interessert i å samarbeide om eit fellesarrangement. Rådet i Sogn og Fjordane er også invitert.

I førebuande samtalar med leiarane i dei tre fylka har ein sett føre seg at 200 000 kr bør rekkje for å dekke konferansen. Då vil deltakarane betale for opphold og mat sjølv. I samtale med Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet er det klart at dei kan bidra fagleg og økonomisk, men det er ikkje sagt eit tal.

Rådet må ta stilling til om det ønskjer å delta i samarbeidet og i så fall vil stå for sin del av dei økonomiske kostnadane. Det er på dette tidspunkt ikkje avklart om samarbeidet vil vere mellom to eller tre fylkeskommunar.

Råda som skal delta i samarbeidet vert bedt om å kome med innspel til tema til landskonferansen, og gjerne også innspel til aktuelle innleiarar.

Neste telefonmøte mellom råda er 19. oktober.

##### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*